

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 14.03.2018
SAKSHANDSAMAR: Berit Irene Haarklau
SAKA GJELD: **Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2018/988
STYRESAK: **019/2018**

STYREMØTE: **23.03.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF» til etterretning.

Oppsummering

Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF omhandlar desse områda:

- 1) Innleiing, generelt og om ny verksemdstrategi – Helse 2035
- 2) Hovudområde for styring og oppfølging i 2018
- 3) Helsefaglege styringsmål
- 4) Krav og rammer 2018
- 5) Ressursgrunnlaget
- 6) Økonomiske krav og rammevilkår
- 7) Rapportering

Styret i Helse Vest RHF har vedteke strategien Helse 2035, ein strategi som legg opp til store endringar i korleis Helse Vest skal yte helsetenester og ivareta samfunnsoppdraget i åra framover. Viktige punkt er samhandling, oppgåveplanlegging og organisering, innovasjon og bruk av ny teknologi. «Pasientens helseteneste» er eit berande prinsipp i utforminga av verksemdsstrategien, og skal prege alle deler av aktiviteten i Helse Vest.

Fakta

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna styringsmål:

- I. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
- II. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- III. Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 8. mars 2018. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 23. mars 2018.

Utdrag frå styringsdokument 2018

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2018. Styringsdokumentet skal klargjere premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til helseføretaka.

HELSEFAGLEGE STYRINGSMÅL:

Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga

Hovudoppgåvene i spesialisthelsetenesta skal løysast ved dei offentlege sjukehusa. Betre samarbeid mellom private og offentlege helsetenester inneber betre utnytting av ledig kapasitet, større valfridom og nye arbeids- og samarbeidsformer.

- *Pasientane skal sleppe unødig ventetid. Pasientforløpa skal vere gode og effektive.*
- *Det er innført 28 pakkeforløp for kreft. Det blir innført pakkeforløp for hjerneslag, psykisk helse og rus.*

Mål 2018:

Gjennomsnittleg ventetid til start av helsehjelp skal reduserast i alle helseføretak samanlikna med 2017. Gjennomsnittleg ventetid skal vere under 50 dagar i alle helseføretak innan 2021.

Krav til ventetider for behandla pasientar skal i 2018 vere:

- BUP: under 35 dagar
- TSB: under 30 dagar
- VOP: under 40 dagar
- Somatikk under 60 dagar

Kravet gjeld gjennomsnittstal for kvar kalendermånad.

Det skal ikkje vere fristbrot.

Andre oppgåver i 2018:

Bruken av tentative timar skal avviklast, og ny strategi for tildeling av timar skal innførast ved hjelp av «Optimal timetildeling» under Alle møter.

Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

Den nye strategien for psykisk helse «Mestre hele livet» skal ligge til grunn for korleis helseføretaka innrettar behandlingstilbodet til barn, unge, vaksen og eldre. Ein skal leggje til rette for større grad av tverrfagleg og pasienttilpassa organisering av tilboda, ut frå kva brukarane spør etter hjelp til, og oppdatert fagkunnskap.

Mål 2018:

Det skal vere høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk på føretaksnivå. Distriktpsikiatriske senter og psykisk helsevern for barn og unge skal prioriterast innan psykisk helsevern. *Veksten skal målast i gjennomsnittleg ventetid, kostnader (kostnader til avskrivningar, legemiddel og pensjon skal synleggjerast, men haldast utanfor), og aktivitet (polikliniske opphald).*

Færre tvangsinnleggjarar i psykisk helsevern enn i 2017 og færre pasientar med tvangsmiddelvedtak i psykisk helsevern (døgnbehandling) enn i 2017.

Andre oppgåver i 2018 omfattar bl.a.:

- ✓ Implementere pakkeforløpa for psykisk helse og rus
- ✓ Følgje opp regional plan for psykisk helse når den ligg føre
- ✓ Etablere samarbeid med fastlegane for å sikre god kvalitet i tilvisingar til psykisk helsevern for vaksen, barn og unge.

Betre kvalitet og pasienttryggleik

Helsetenesta skal vidareutviklast slik at pasientar og brukarar i større grad får og opplever å få trygg og god helsehjelp. Helse, miljø og sikkerheit (HMS) skal vere ein integrert del av

kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet. Gode pasientforløp skal utviklast i samarbeid med kommunar, med spesiell merksemd på pasientar med kols, og pasientar som treng rehabilitering og habilitering.

Ein eigen undersøkingskommisjon for alvorlege hendingar i helsetenesta skal bli etablert i 2018.

Mål 2018:

Pasientskadar basert på dei årlege GTT-undersøkingane skal verer redusert med 25 prosent innan utgangen av 2018, målt ut frå undersøkinga for 2012. Sjukehusinfeksjonar skal vere minder enn 3,5 prosent. Det samla forbruket av breispektra antibiotika ved norske sjukehus skal vere redusert med 30 prosent i 2020 samanlikna med 2012. Minst 20 prosent av pasientane med akutt hjerneinfarkt får intravenøs trombolysbehandling. Minst 50 prosent av pasientane med hjerneinfarkt som er trombolysbehandla, får denne behandlinga innan 40 minutt etter innlegging. Det skal ikkje vere korridorpasientar. Prosentdelen dialysepasientar som får heimedialyse, skal vere på minst 30 prosent.

Andre oppgåver i 2018 omfattar bl.a.:

- ✓ Implementere pakkeforløpa for hjerneslag
- ✓ Utvikle rutinar for god overføring frå barne- til vaksenorientert helseteneste ut frå best tilgjengeleg kunnskap
- ✓ Sørge for ei planmessig omlegging av raskare tilbake-ordninga
- ✓ Sørge for løpande og funnstendig innrapportering til dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra
- ✓ Styrke innsatsen i Program for pasienttryggleik i Helse Vest
- ✓ Følgje opp regional plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i Helse Vest 2017-2022 og styret sitt vedtak
- ✓ Prehospitale tenester skal inngå i arbeidet med utviklingsplanar i helseføretaka

KRAV OG RAMMER 2018:

Bemanning, leiinga og organisasjon omfattar:

- ✓ Bemanning og kompetanse
- ✓ Felles kartlegging av arbeidsmiljø og pasienttryggleikskultur
- ✓ Vaksinasjon av personell
- ✓ Tiltak innan bygg- og eigedomsområdet
- ✓ E-helse
- ✓ Helsedataprogrammet

ØKONOMISKE KRAV OG RAMMEVILKÅR:

Helse Førde skal i 2018 oppnå eit positivt resultat på 28 millionar kroner.

Det er vedteke ei øvre ramme på 1 125 mill. 2017-kroner til lån for å oppgradere og modernisere Nye Førde sjukehus.

RAPPORTERING:

Det er eit mål å ha gode og gjennomgåande system for å kunne følgje opp utviklinga i tenestene. Rapporteringa omhandlar system for:

- ✓ Metodikk og struktur for styrerapportering
- ✓ Månadleg rapportering, tertialrapportering og halvårleg rapportering
- ✓ Rapportering til SSB og NPR
- ✓ Årleg melding
- ✓ Årsrekneskap
- ✓ Rapport om bruk av midlar og aktivitet

Kommentarar

Helse Førde leverer godt på mange felt, særskilt overordna kvalitetsindikatorar som ventetider, fristbrot, korridorpatientar, strykingar av operasjonar med vidare. Eit viktig tema framover blir arbeidstidsplanlegging og at tentative timar skal avviklast.

Ei anna viktig utfordring er å etterleve «Den gyldne regel». Psykisk helsevern i Helse Førde leverer jamt over godt på nasjonale kvalitetsindikatorar (Helsenorge.no), og har gjennomgåande korte ventetider. Budsjett for 2018 er lagt opp for at føretaket skal etterleve krava til høgare vekst i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk. Det skal små endringar i planlagt drift for å endre dette, og det krev jamt fokus og prioritering i heile organisasjonen å nå dette målet.

Nye pakkeforløp blir innførte og dei som er innførte skal fungere etter intensjonen. Begge deler set store krav til organisasjonen. Nasjonale kvalitetsindikatorar vil avdekke om Helse Førde innfrir på dette området.

Innan nokon fagfelt har Helse Førde utfordringar med rekruttering. Utdanning blir eit særskilt viktig område i åra som kjem. Ikkje minst å få den nye spesialistutdanninga for legar til å fungere. Det kan bli krevjande, og det er særskilt viktig at føretaket får til eit godt samarbeid med Helse Bergen.

Sunn og levekraftig økonomisk styring er eit grunnleggande middel for å nå måla i styringsdokumentet. Helse Førde skal oppnå eit overskot på 28 millionar kroner i 2018. Etter to månader går føretaket med overskot. Det vert viktig med investeringar innan medisinsk teknisk utstyr, IKT og bygg i åra framover.

Utviklinga på dei ulike parameterane blir følgt nøye utover året, mellom anna på jamlege rapporteringar etter fastsette malar.

Konklusjon

Styringsdokumentet for 2018 gir klare og detaljerte føringar for kva Helse Førde skal fokusere på dette året. På mange felt har føretaket gode føresetnader for å levere. Ein føresetnad for å levere på andre felt er god implementering og oppfølging ute i organisasjonen.

Vedlegg:

Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF